



## Standard for klasseleiing på Lidar skule

*Klasseleiing handlar om å skape eit positivt læringsmiljø der elevane kan konsentrere seg og bli motiverte for læring. På Lidar skule skal vi møte elevane med tillit, respekt og forventningar, og dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst.*

### Inkluderande læringsmiljø

- Mangfaldet er ein ressurs, og alle har ein styrke som er viktig for fellesskapet.
- Lidar er ei vi-skule der alle våre elevar blir sett, høyrte og anerkjent kvar dag.
- Alle elevar er like mykje verdt og skal bli behandla likeverdige.
- Opplæringa på skulen skal vere til eleven sitt beste.
- Vi arbeider for å skape trygghet, samhold og tilhøyrse for elevane.
- Elevane blir møtte av tydelege og omsorgsfulle vaksne.

### Kultur for læring

- Ein må sjå den faglege og den sosiale læringa hjå elevane i samanheng.
- Elevane skal møte forventningar og mål dei kan strekkje seg etter. Alle skal ha lik moglegheit for utvikling uavhengig av føresetnadane deira.
- Elevane skal få gode undervegsvurderingar som gjev dei tydelege mål og ei klar retning på arbeidet vidare.
- Vi viser respekt for naturen og klimaet.
- I opplæringa skal elevane få rike moglegheiter til å utvikle engasjement og utforskartrang.
- I vårt arbeid brukar vi mellom anna uteskule, læringspartnar og tverrfagleg temaarbeid for å leggje til rette for meistring og motivasjon hjå elevane.
- Elevmedverknad og medansvar pregar skulen sin praksis.

### Rutinar

- Vi vektlegg gode rutinar for innmarsj, oppstart og avslutning av timen og dagen.
- Kvar morgon blir elevane møtte med ei personleg helsing.
- Timane startar med å avklare forventningar og mål og rundast av med overlæring/repetisjon.
- I fellesskap samarbeider vaksne og elevar om å utforme klasseverdiar kvar haust.